



Hol kommune

Arkivsaksnr.: 2022/1511-10
Saksbehandler: Håvard
Holeplass

Beitebruksplan for Hol 2023 - 2035

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
58/22	Kommuneplanutvalget	16.11.2022
128/22	Kommunestyre	08.12.2022

Rådmannens innstilling

Hol kommune vedtek beitebruksplan for Hol 2023 – 2035 som den går fram av planutkast datert 08.11.22, med tilhøyrande temakart.

Beitebruksplanen vert jf. gjeldande planprogram vedteke som ein sektorplan som inngår i plangrunnlaget ved revidering av arealdelen til kommuneplanen. Kommunen skal revidere tiltaksdelen kvart fjerde år i planperioden, i samarbeid med beitenæringa. Tiltak som kommunen er ansvarleg for og som har økonomiske konsekvensar, skal vurderast i handlings- og økonomiprogrammet kvart år.

Kommuneplanutvalget har behandla sak 58/2022 i møte den 16.11.2022

Behandling

Votering:

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Saksordfører: Hanne B. Haatuft

Vedtak

Hol kommune vedtek beitebruksplan for Hol 2023 – 2035 som den går fram av planutkast datert 08.11.22, med tilhøyrande temakart.

Beitebruksplanen vert jf. gjeldande planprogram vedteke som ein sektorplan som inngår i plangrunnlaget ved revidering av arealdelen til kommuneplanen. Kommunen skal revidere tiltaksdelen kvart fjerde år i planperioden, i samarbeid med beitenæringa. Tiltak som kommunen er ansvarleg for og som har økonomiske konsekvensar, skal vurderast i handlings- og økonomiprogrammet kvart år.

Kommunestyre har behandla sak 128/2022 i møte den 08.12.2022

Behandling

Saksordfører: Hanne B. Haatuft

Aslak Geir Skurdal (Sp) stilte spørsmål om habilitet, da han er leder i Skurdalen og Dagali sankelag og har deltatt i arbeidsmøter, jfr Fvl § 6 e2.

Aslak Geir Skurdal (Sp) fratrådte møte, og Vebjørn Håvardrud (Sp) tiltrådte møte kl 15:05 under behandling av habilitet.

Aslak Geir Skurdal (Sp) er enstemmig inhabil etter Fvl § 6 e2.

Vebjørn Håvardrud (Sp) fratrådte møte kl 15:16, og Aslak Geir Skurdal (Sp) tiltrådte møte etter behandling av denne saken.

Votering:

Kommuneplanutvalgets innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Hol kommune vedtek beitebruksplan for Hol 2023 – 2035 som den går fram av planutkast datert 08.11.22, med tilhørende temakart.

Beitebruksplanen vert jf. gjeldande planprogram vedteke som ein sektorplan som inngår i plangrunnlaget ved revidering av arealdelen til kommuneplanen. Kommunen skal revidere tiltaksdelen kvart fjerde år i planperioden, i samarbeid med beitenæringa. Tiltak som kommunen er ansvarleg for og som har økonomiske konsekvensar, skal vurderast i handlings- og økonomiprogrammet kvart år.

Saken avgjøres av

Kommunestyre

Vedlegg

Vedlegg

- 1 Beitebruksplan for Hol utkast 08 nov 22
- 2 Temakart 1 SauPerKm
- 3 Temakart 2 Beiteinstallasjoner
- 4 Temakart 3 Soyer_Tap
- 5 Temakart 4 Tap_Lam
- 6 Temakart 5 Drifteveger
- 7 Temakart 6 Biologisk Mangfold
- 8 Høringsuttale - statsforvaltaren i Oslo og Viken
- 9 Høringsuttale - Nordfjella villreinnemnd
- 10 Høringsuttale - Pål Arne Fosshaug
- 11 Høringsuttale - Elin Solveig Bondli Lauvrud
- 12 Høringsuttale - Ivar Sletteemoen (og Hol sankelag)
- 13 Forslag til skilt om bandtvang
- 14 Referat - møte mellom kommunen og beitenæringa 3 oktober 2022

Dokument i saken

Alle dokument i arkivsakane 2017/1353 og 2022/1511

Saksopplysninger

Målet med beitebruksplanen er å dokumentere beitebruken i utmarka og synleggjere verdiane som utmarksbeite representerer, vidare skal den identifisere utfordringar som beitenæringa har og peike på tiltak for å redusere konflikter og finne løysingar på problem. Beitebruksplanen skal vere eit viktig kunnskapsgrunnlag både i planarbeid, sakshandsaming og ved vurdering av framtidig arealbruk. Både politikarar, administrasjon og eksterne planleggjarar kan bruke dette som eit verktøy i sitt arbeid med forvaltning og plansaker. Det skal utarbeidast handlingsplan til beitebruksplanen med tiltak som styrker og utviklar beitebruken, samt reduserer konfliktnivået.

Kommunestyret i Hol vedtok gjeldande beitebruksplan i 2004, og reviderte den i 2008. Beitebruksplanen ligg til grunn for utviklingsarbeid og forvaltning i høve til beitebruk i utmark, og beitebruksnæringa har vore svært delaktig i utarbeiding av gjeldande plan. Beitebruk i innmark høyrer meir under gardstilknytt nærings og har i større grad rammer knytt til andre verkemiddel innan landbrukssektoren, beitebruksplanar i alle kommunar fokuserer derfor på utmarksbeiting.

Det er husdyr på utmarksbeite i så godt som alle delar av Hol kommune, med unntak av innmark, tettbebyggelse og høgaste fjelltoppane som er bart fjell. Det samsvarar med at 91 % av arealet i Hol er fjellområde som ligg over 900 moh. Småfe (sau og geit) dominerer i utmarka med i alt 18 000 dyr på fjellbeite om sumaren, i tillegg er det ein del mjølkekyr, ammekyr, kviger, kalvar og nokre hestar. Bruken av utmarksbeita vert forvalta gjennom ordninga organisert beitebruk, der ein har tre overordna sankelag; Hol sankelag, Skurdalen- og Dagali sankelag samt lungsdalen Fjellbeitelag. Under desse sankelaga er det 23 eigne beitefelt.

Alle kommunar i Hallingdal utanom Flå har beitebruksplan eller arbeider med revidere denne, t.d. reviderer Ål kommune i haust opphavleg plan frå 2003. Hol kommune vedtok i planstrategien for 2017 at beitebruksplanen skulle reviderast, og kommuneplanutvalet vedtok 01.06.17 i sak 8/17 at planarbeidet skulle startast opp (det kom ingen innspel til dette etter høyringsperioden):

Kommuneplanutvalget vedtek oppstart av arbeid med revidering av Beitebruksplan for perioden 2018 – 2030. Rådmannen vert bede om, i samarbeid med beitebruksnæringa, å utarbeide forslag til plan med følgjande endringar:

- Statistikk og utviklingstrekk siste 9 år må oppdaterast.
 - Aktuelle temakart må oppdaterast.
 - I større grad enn i dag klargjere at dette er ein overordna sektorplan med tiltaksdel, som kommunen skal leggje til grunn i forvaltning og plansaker.
 - Innføre rutiner som sikrar at kommunen tek omsyn til beitebruksinteressene i forvaltning og planarbeid.
 - Fastsetje nye mål /fordeling av ansvar.
 - Kommunen skal samarbeide med beitebruksnæringa om revideringa av planen
 - Tiltaksplanen skal rullerast kvart 4. år.
- Beitebruksplan skal reviderast seinast kvart 12. år.*

Administrasjonen byrja så på planarbeidet i samarbeid med beitenæringa, men av ulike årsakar kom ikkje arbeidet skikkeleg i gang før året etter. Det har vore 4 arbeidsmøter i perioden 2018 – 2022, der leiar eller annan representant frå følgjande lag og organisasjonar har deltek aktivt (i tillegg til ein del kontakt på epost og telefon):

Hol sankelag

Dagali og Skurdalen sankelag

lungsdalen fjellbeitelag

Hol bondelag

Hol bonde- og småbrukarlag

Hol småfelag

Hol sau og geit

Ål og Hol produsentlag (mjølkeprodusentar i Tine)

Planarbeidet har vore svært krevjande, både fordi ambisjonane og detaljnivå frå opphavleg beitebruksplan er høgare enn det som er vanleg i kommunane i dag (gjeld i særleg grad temakart og detaljert utrekning av verdien av beiting i utmark), og fordi landbruket og samfunnet elles har vore råka av fleire uføresette kriser siste åra.

Påvising av skrantesjuka (CWD) i Nordfjella 2016 /2017, ekstremtørke i 2018 og Covid-19 pandemien i 2020 og 2021 med ringverknadar har ført til vanskar og auka arbeidsbyrde for både næring og forvaltning. Hol kommune har likevel greidd å gjennomføre arbeidet med same tidsløp som Ål kommune. Ein har måtte forenkle arbeidet på nokre punkt for å verte ferdig med beitebruksplanen no.

I januar 2020 var beitebruksplanen i all hovudsak klar med unntak av tiltaksdelen, temakart og nokre oppdateringar, og 30.01.22 la kommuneplanutvalet derfor planen ut på formell høyring etter føresegnene i plan- og bygningslova i sak 1/20:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vert forslag til beitebruksplan for Hol 2020-2032 med tilhøyrande temakart lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i 6 veker med vedtatt endring.

Planutkastet er datert 21.01.2020.

Nordfjella villreinnemnd og fylkesmannen (no statsforvalteren) i Oslo og Viken sendte høyringsuttaler i mars – april 2020, elles kom det ikkje andre attendemeldingar. Hol kommune sendte i tillegg tiltaksdelen på ei ekstra «mini-høyring» i oktober 2022, sjølv om det ikkje er lovfesta krav til dette. Ivar Slettemoen, Pål Arne Fosshaug og Elin Solveig Bondli Lauvrud sendte då inn høyringsuttaler. Uttalen frå Slettemoen er avklart med Hol sankelag, som støtter denne.

Det har nyleg også vore eit større dialogmøte mellom beitenæring og ordførar /administrasjonen i kommunen, referat frå møte 03.10.22 er lagt ved.

I samsvar med praksis i plansaker er uttalene kort kommentert i tabellform under vurdering.

Forhold til overordnet plan

Beitebruksplanen vert vedteken som sektorplan i samsvar med gjeldande planprogram for perioden. Beitebruksplanen inngår i plangrunnlaget ved revidering av arealdelen til kommuneplanen, som er den mest overordna planen for arealbruk i kommunen og som er juridisk bindande.

Så godt som alt areal der beitebruksplanen er aktuell er synt som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i arealdelen til kommuneplanen. Det er også nokre område regulert til annan arealbruk der det også er beitebruk, t.d. områder for alpin aktivitet i områdeplan Vestlia.

Miljøkonsekvenser

Fagleg god beitebruk har positiv verknad på miljøet, ved at kulturlandskap, fjell og vidde vert skjøtta /halde ope med naturleg vegetasjon. Nyare forskning syner at det ved utmarksbeiting vert bunde meir karbon til jordsmonnet pga auka plantevekst (stimulert av beiting), enn karbon som vert frigjort til atmosfæren gjennom hovudsakleg metangass frå beitedyr. Albedoeffekten ein oppnår ved auka beiting (meir opent landskap) bidreg til å redusere global oppvarming.

Økonomiske konsekvenser

Verdien av beitebruk i utmark for næring og samfunn er synt i planen, og utgjer ein stor del av verdiskapinga i landbruket i Hol. Aktiv beitebruk bidreg i stor grad til sysselsetting og verdiskaping gjennom kjøt og ull av høgste kvalitet, samt til verdi for samfunn og reiseliv gjennom auka lokal matproduksjon og opne landskap.

Kommunen og beitenæringa har samla brukt 177 timar på beitebruksplanen, det svarar til om lag kr 62 000 i arbeidstid. Det er aktuelt å betale noko i kompensasjon til dei som har delteke frå beitenæringa, for tapt inntekt /brukt tid.

Økonomiske konsekvensar for kommunen ved gjennomføring av tiltak der kommunen er ansvarleg må ein vurdere i ordinært handlings- og økonomiprogram (HØP) kvart år.

Vurdering

Revidering av beitebruksplanen er gjort i samsvar med kommuneplanutvalet sitt vedtak i sak 8/17, og tek utgangspunkt i opphavleg beitebruksplan ettersom den er grundig utarbeidd og framleis held høg kvalitet, når den er oppdatert og supplert. Det er lagt vekt på å lage ein plan som er eit verktøy til dagleg bruk, i staden for å verte ein «skuffeplan» som vert liggjande pga for stort omfang /mykje statistikk /bakgrunnstal og liten relevans i det daglege arbeidet. Ein har derfor fokusert på å revidere og finne nye mål og tiltak, og i mindre grad bakgrunnsstoff og inngåande talmateriale. Omfanget er tilnærma likt med eksisterande plan.

Det er gjennomført to høyringar med følgjande innspel og vurderingar:

Høyringsuttale frå:	D a t o	Forslag tiltak:	Vurdering:

Villreinnemna for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell	1 6 . 0 4 . 2 0	<p>I kap. 3.1 saknar me omtale av Regionalplan for Nordfjella med Raudafjell.</p> <p>Me saknar og ei omtale av viltgjerdet som nå går mellom sone 1 og sone 2 i Nordfjella.</p> <p>Komm. merknad: Det er ramsa opp ei lang rekkje tekniske tilhøve ved etablering av sperregjerde i og opp mot høgfjell. Villreinnemnda vil m.a. ha ein gjennomgang av eksisterande sperregjerde mtp funksjon og trong for framleis å ha det. Også andre ting som går på tekniske installasjonar i beiteområde. Gjennomgåande fokus kun på omsyn til villrein.</p>	<p>Omtale av regionalplan og viltgjerde er teke med.</p> <p>Beitebruksplanen skal leggje til rette for beitebruk, det vert ikkje lagt til rette for omkamp om beiteinstallasjonar som villreinnemnda var ueinig i. Ein tek omsyn til villrein ved nye tiltak, men dette er ikkje ein villreinplan.</p>
Fylkesmannen i Oslo og Viken	2 7 . 0 3 . 2 0	<p>Det kan også vurderes å ha med en samlet omtale av de viktigste lover og forskrifter som gjelder arealbruk og beitedyr. Vi foreslår for eksempel at de ulike forskriftene for dyrehold og velferd nevnes (storfe, småfe og hest).</p> <p>Vi forutsetter at tiltakene ikke vil være til hinder for villrein når den skal reetableres i Nordfjella, og føringer i Regional plan for Nordfjella og Raudafjell 2014-2025 må legges til grunn.</p> <p>Det er viktig at hensynet til beiteinteressene kommer tidligst mulig inn i planprosessene, og slike hensyn bør derfor være tema i oppstartsmøter med kommunen om arealplaner.</p> <p>Krav til utredning av beitebruk og hensyn kan legges som en forutsetning ved utarbeiding av arealplaner for byggeområder. Beitebruksplanen bør derfor også legges til grunn for innholdet i planprogram og konsekvensutredninger av arealforslag i kommuneplanen og reguleringsplaner. Retningslinjer for beitebruk kan også tas inn i kommuneplanens arealdel og i kommunedelplaner. Viktige beite- og stølsområder kan synliggjøres i temakart til kommuneplanen.</p> <p>Bestemmelser og retningslinjer kan gi forutsigbarhet og redusere potensielle konflikter mellom beitebrukere, fritidsbrukere og kommunen. Om mulig bør det også utformes forslag til bindende bestemmelser i kommuneplanen og reguleringsplaner. Når en utarbeider arealplaner, vil digitaliserte temakart være et godt hjelpemiddel for å vise beiteinteresser, og slike temakart bør derfor være tilgjengelige gjennom kommunens digitale kartportal.</p>	<p>Oversyn over lovar er teke med.</p> <p>Omsyn til villrein vert teke, jf. uttale frå villreinnemnda.</p> <p>Plantilknytta tilhøve: Rådmannen er einig i innspela, og dette har vorte innarbeidd i fleire delkapittel og tiltaksdel.</p> <p>Koplinga til overordna reguleringsarbeid er det lagt særleg vekt på.</p>
Elin Solveig Bondli Lauvrud	2 2 . 1 0 . 2 2	<p>For å sikre dyrevelferden i utmarka er det behov for at et av tiltaka blir tilsyn av elektriske gjerder i hytteområder, samt gi informasjon om hvilke gjerder som kan brukes.</p>	<p>Viktig tiltak som er teke inn i tiltaksdelen.</p>
Pål Arne Fosshaug	3 1 . 1 0 . 2 2	<p>Når kommunen gir sankelaga oppgaver i denne beitebruksplanen bør dere sørge for at Hol sankelag blir organisert slik at alle som har sau på beite blir med.</p>	<p>Det er frivillig å melde seg inn, teke med som tiltak å ha fokus på dette.</p>
Ivar Slettemoen (og Hol sankelag)	0 1 . 1 1 . 2 2	<p>Ønska tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auka oppsyn og kraftigare bøter ved brot på bandtvang. - Informasjonsskilt/tavler må bli sett opp i samråd med grunneigar. Foreslått lagt til i sentrale løypekryss, og som også er sentral sumarstid. <ul style="list-style-type: none"> • Innhald/skilt info-tavler: 1) Verdien av 20 000 beitedyr og stort antall vilt (Hindrar gjengroing. Positiv klimaeffekt. Positive ernæringsseffektar). 2) Urovekkande auke i jaga beitedyr, laushundar og ulovleg trening av jakthundar dei siste åra 3) El-syssel i utmark er forbode. 4) Konsekvens på brot av kommunale vedtekter. - Ikkje ønskjeleg med fortetting av eksisterande hyttefelt. <p>Komm. merknad: Syner til mange problem, utfordringar og status som har vorte verre siste år, og har vore tema i ny beitebruksplan:</p>	<p>Det meste av dette er innarbeida i ny beitebruksplan, fordi Hol sankelag har vore aktivt med i arbeidet.</p> <p>Ordlyd er klargjort og spissa. Skilting og auka oppsyn er lagt inn i tiltaksplanen. Det er også lagt til utvida omtale av nokre tema.</p> <p>Kommunen har ingen heimel til å få gjort noko med bøter. Berre grunneigar kan forby el-syssel i utmark, kommunen har ikkje heimel til det.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Auka ferdsel - Laushundar - Manglande gjerdehald - Dårlig gjerdeløysing rundt hytter - Beiterett /streifbeite - Arealdisponering /utbygging 	
--	--	--

Så langt det er mogeleg er merknader i uttalene innarbeida i plan og tiltaksdel. Uttalene er også lagt ved saksframlegget.

Bakgrunnen for arbeidet med revidering av beitebruksplanen er at arealbruken i kommunen er i stadig endring og det er fleire interesser knytt til utmarksområda no enn tidligare. I Hol kommune er det fleire omfattande arealinteresser som beitebruk, friluftsliv og hyttebygging. Påvising av skrantesjuka (CWD) har medført store restriksjonar for beitenæringa, ikkje minst ved saltsteinsforbod. Beitesesongen 2019 førde denne situasjonen til mykje tidkrevjande arbeid med trong for auka tilsyn og meirarbeid til sank, fordi sau reiste ut av sine vanlege beiteområde. Som tiltak i saneringa av CWD er all villrein i den delen av kommunen som ligg innanfor Nordfjella sone 2 no skoten ned. Det skal ikkje vere villrein i området før brakkleggingsperioden er over. Kva ny innføring av rein vil bety for beitenæringa veit ein ikkje enno. Hausten 2020 er det også påvist CWD på Hardangervidda, og beitenæringa har fått restriksjonar på salting også der.

Nokre område er i dag prega av auka konfliktnivå mellom beitebruk og aukande press på utmarka gjennom hyttebygging og stor trafikk knytt til reiselivet. Særleg eit stykke ut i Covid-19 pandemien såg ein endringar i bruken av hyttene, tilreisande kjem tidligare og reiser seinare ettersom bruken av heimekontor på hytta er vorte vanlegare, i tillegg har auka bruk av hyttene ført til auka fritidsbruk av utmark og fjellområde rundt. I nokre delar av kommunen er rovdyrproblematikk delårsak til redusert bruk av utmarksbeiteområder (gaupe og kongeørn som tek lam), medan det generelt er størst problem knytt til laushundar /brot på forskriftsfesta utvida bandtvang.

Det er også utfordrande med aukande grad av attgroing i ulike typar beiteområde som følgje av lågare beitetrykk enn tidlegare, som resultat av at det er færre besetningar med småfe på beite etter nedlegging pga generelt dårleg økonomi i sauehaldet (les: dårleg kjøtpris til gardbrukaren). Færre besetningar fører også til at besetningane som er att flytter seg til nye beiteområde.

Det aller viktigaste i beitebruksplanen er derfor ein relevant og effektiv tiltaksdel, der ein identifiserer tiltak som er mogeleg å gjennomføre og bidreg til å redusere konfliktnivået og finne aktuelle løysingar. Bakgrunnstal og statistikk er sjølvstendig viktig, men er berre meint som grunnlag for å skjønne omfanget og verdien av beiting i utmark.

Rådmannen har derfor fokusert mest på tiltaksdelen, i samsvar med politiske vedtak. Sankelaga og faglaga i landbruket har delteke aktivt i dette arbeidet, og dei aller fleste tiltaka kjem frå dei, enten vidareført frå tidlegare plan eller som nye /reviderte tiltak.

Arbeid med temakart har vore omfattande og krevjande, og mange kommunar har av desse grunnane ikkje lenger med slike kart i beitebruksplanane. Statsforvaltaren i Oslo og Viken har vore svært hjelpsam med sin GIS kompetanse slik at ein likevel har fått til aktuelle temakart. Dette er statiske kart som syner korleis det var i perioden, men dei siste åra er det vorte vanlegare med dynamiske kart for dette, t.d. gjennom NIBIO sine tenester. Desse er fine supplement, for på kommunenivå er det avgrensa med kart som vert laga nasjonalt.

Kartlag frå temakarta skal på nyåret gjerast tilgjengeleg i kommunen sine digitale kartløyser for aktiv bruk i forvaltinga.

Utkast til beitebruksplan for Hol 2023 – 2035 med tiltaksdel datert 08.11.22 og 6 temakart oppdatert pr. juli 2022 er lagt ved saksframlegget. Rådmannen vurderer at beitebruksplanen med det er klar for endeleg vedtak.